

Sigve Hindenes

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/1932 - 22/24541

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
25.03.2022

Avvist søknad om dispensasjon - gbnr 5/1 oppføring av veg Dyrdal

Administrativt vedtak.

Tiltakshavar:

Ansvarleg søker:

Søknadstype:

Saknr:

Siren Stall

Sigve Hindenes

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om oppføring av veg, støypt plate til båtopptrekk avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 24.02.21.

Saka gjeld dispensasjonssøknad frå byggjegrense mot sjøen for forlenging av privat veg på gbnr 5/3 til naust på naustparsell gbnr 5/1, oppføring av støypt plate til båtopptrekk til naustet i Dyrdalsvika. Saken må sjåast samansett med sak 21/1934.

Det står at det er tenkt å restaurere naustet, som er ikkje nytta siste 50-åra, og er oppført i begynnelsen av 1800-tallet. Restaurering av naust, forlenging av veg og etablering av støypt plate for båtopptrekk er søknadspliktige tiltak etter PBL § 20-1 og krev eigen søknad med ansvarsrettar etter dispensasjon er avklart.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område som avsatt til LNF-område i kommunedelplan for Lindås på landet og til Fiske, LP-låssetjingsplass - i sjøen. I tillegg ligg tiltaka i 100 meters belte mot sjøen.

VURDERING:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

Desse tilhøve ikkje stettar krava til søknad, jf. pbl. § 21-2 og SAK § 5-4:

1. Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrense mot sjøen for veg og båtopptrekk, men det er ikkje tatt med i dispensasjonssøknad restaurering av naust. Søknaden må grunngjenvast.
2. Det må søkjast om dispensasjon frå planføremål LNF-område (landbruks-, natur og friluftsområde) på land og for båtopptrekk dispensasjon frå planføremål i sjøen- Fiske, LP-låsesetjingsplass. Dette må grunngjenvast.
3. Det er ikkje sendt inn målsatt situasjonskart med vist avstand frå tiltaka til nabogrenser. Det er ikkje vist på vedlagt kartutsnitt kor mye vegen skal forlengast med heller ikkje vist plassering av båtopptrekk. Det skal visast 1 parkeringsplass knytte naustet. Situasjonskart er vedlagt.
4. Det er ikkje vedlagt målsatte skisser/teikningar. Du skriver i søknaden at støypt betongplate skal ha dimensjonar 3x18 meter. Du viser til profil/snitt teikningar på veg, men det er vedlagt berre bildar. Sjølv om det er søkt kun dispensasjon , må vi ha skisser/teikningar, kor det er klart kva det er søkt om. Søknaden om dispensasjon skal sendast på høyring til statlege instansar som statsforvaltaren, fylkeskommune etc. og de har krav til grunnlag til dokumentasjon i søknaden.
5. Når naustet frå 1800-talet skal restaurerast må vi ha bildar av alle fasadar før og teikningar/skisser/perspektiv etter tiltaket.
6. Tiltaket i sjøen krev eige vedtak frå Bergen hamn. Du må hente førehandsuttale frå Bergen hamn om båtopptrekk før vi kan handsama dispensasjon.
7. Gjenpart av nabovarsel om dispensasjon er ikkje motteke. Di skriver at grunneigar av gbnr 5/3 fekk munnleg varsel og har ingen merknad. Vi ber om skriftleg nabovarsel til både eigare av gbnr 5/3 og 5/2. Nabolisten er vedlagt.
8. Det ser slik ut at delar av tiltaket- forlenging av veg- går på gbnr 5/3. Det skal sendast signert samtykke fra eigar av gbnr 5/3 på at tiltaket på hans grunn eller nærmere enn 4 meter frå hans eigedommen er tillate. Viss båtopptrekk kjem nærmere enn 4 meter frå nabogrenser krev dette også signert samtykke frå grunneigar. Vi legger til grunn at vegrett på privat veg på gbnr 5/3 er i orden.

Kommunen ba om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.05.21. Det er ikkje motteke opplysningar innafor fristen.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.
Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sigve Hindenes
Siren Stall

Austfjordvegen 373 5993 OSTEREIDET